



FJELLREGIONSAMARBEIDET

Eit regionalpolitisk samarbeid mellom
fjellkommunar/regionråd og
fylkeskommunane i Buskerud, Hedmark,
Oppland, Sogn og Fjordane og Telemark

Vår sakshandsamar
Torunn H. Kornstad

Vår dato
24.03.10

Dykkar dato

1 av 5

Vår referanse

Dykkar referanse

Referat frå møte i Arbeidsutvalet 19. mars 2010, kl. 10.00-15.00.

Stad: Thon Hotell Opera, Oslo

Til stades:

Svein Borkhus, Hedmark fylkeskommune
Arne Vinje, Vinje kommune
Jenny Følling, Sogn og Fjordane fylkeskommune
Magne Pedersen, Buskerud fylkeskommune
Kjetil Lundemoen, Oppland fylkeskommune
Olov Grøtting, Hedmarksregionar/kommunar
Lars Bjaadal, Telemark fylkeskommune

Forfall:

Olaug Grønseth Granli, Buskerudregionar/kommunar
Eivind Brenna, Opplandsregionar/kommunar

Til stades frå administrativ arbeidsgruppe:

Kay H Bjerke, Buskerud fylkeskommune
Ann Marit Holumsnes, Hedmark fylkeskommune
Torunn H. Kornstad, Hedmark fylkeskommune

Forfall administrativ arbeidsgruppe:

Trond Carlson, Oppland fylkeskommune
Thron Kjellevold, Telemark fylkeskommune
Lars Hustveit, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Referent:

Torunn H. Kornstad

Saksliste:

01/2010	Referat frå møtet i AU 20.11.2010
02/2010	Årsmelding 2009
03/2010	Rekneskap 2009

04/2010	Revidert budsjett for 2010 og budsjett 2011
05/2010	Årskonferansen
06/2010	Rådsmøtet
07/2010	Endringar i retningslinene
08/2010	Uttale/innspeil frå Fjellregionsamarbeidet til ny Landbruksmelding
09/2010	Val av leiar og nestleiar i Arbeidsutvalet
10/2010	Visuell profil

Arbeidsutvalet ba undervegs i møtet om at orienteringssak 02/2010 om visuell profil vart endra til ei ordinær sak. Sakslista er difor endra i høve til innkallinga.

Orienteringssak:

01/2010	EMC 2010
---------	----------

01/2010 Referat frå møtet på Thon Hotel Opera 20.11.09

Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:

”AU godkjenner referatet frå møtet 20.11.09.”

02/2010 Årsmelding 2009

Arbeidsutvalet meinte at logoen som er utarbeidd som ei mellombels løysing ikkje skal stå i Årsmeldinga, da bruken av denne ikkje er vedtatt i Arbeidsutvalet. Det kom også framlegg til endringar under punktet om føremål og virkeområde, der AU ville ha med litt meir av det som står i retningslinene om mål og arbeidsområde for FRS. Det vart også ei endring i omtalen av PADIMA-prosjektet.

Det vart litt diskusjon rundt kva for ein tidsperiode som skal vera med i meldinga, men det vart semje om at denne skal omfatte perioden mellom dei årlege rådsmøta.

Når det galdt utforminga av årsmeldinga, diskuterte Arbeidsutvalet litt rundt kor detaljert årsmeldinga skulle vera, om det skulle stå noko om framtida i ho, og om det skulle leggst til bilete. Det var semje om at dokumentet bør brukast i høve til å orientere om Fjellregionsamarbeidet, gjerne i samband med rekruttering av nye medlemmar, og at dokumentet difor bør vera nokså fyldig, at det bør leggst til bilete, og at det blir trykt opp med god lay out og i eit lesarvenleg format.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:

”AU godkjenner årsmeldinga for 2009 med dei foreslåtte endringane når det gjeld mål/arbeidsområde, omtalen av PADIMA-prosjektet og at omtalen av ein mellombels logo blir tatt ut.”

Sjå vedlegg for endeleg versjon som blir lagt fram for Rådsmøtet.

03/2010 Rekneskap 2009

Det vart lagt fram eit rekneskap for 2009 med eit overskot på kr 266.851. Dette må reviderast før framlegging for Rådsmøtet.

Det vart frå AU stilt spørsmål til ordlyden for nokre av postane, men dette ligg inne i kontosystemet for Hedmark fylkeskommune, som fører rekneskapen. Sekretariatet vil følge opp dette for seinare framstillingar, og vil i tillegg til det revisorgodkjente rekneskapsdokumentet leggja fram for Rådsmøtet ein tabell der rekneskapen for 2009 blir sett i ein tabell saman med budsjetta, slik at desse kan samanliknast.

Det vart stilt spørsmål ved om eigenkapitalen frå 01.01.09 verkeleg var eit så rundt tal som kr 1.050.000, noko sekretariatet skal undersøke.*

Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:

”Arbeidsutvalet godkjenner rekneskapen for 2009.”

* Rutinene i Hedmark fylkeskommune er slik at renteinntekter ikke automatisk legges til. Differansen mellom eigenkapitalen på kr 999.626,37 fra regnskapet for 2008 og den innlagte eigenkapitalen pr. 01.01.09 på kr 1.050.000 tilsvarer derfor de stipulerte renteinntektene.

04/2010 Revidert budsjett for 2010 og budsjett 2011

Sekretær Ann Marit Holumsnes la fram eit revidert budsjett for 2010, og eit forslag til budsjett for 2011. Det reviderte budsjettet blir ikkje lagt fram til handsaming for Rådsmøtet, da det bare omfattar mindre endringar innanfor den vedtatte ramma.

Når det gjeld budsjettet for 2011 vart det uttrykt bekymring frå AU for at den opparbeidde eigenkapitalen kjem til å bli for raskt brukt opp viss ikkje medlemskontingenten blir auka alt frå 2011. Det vart peika på at kontingenten ikkje har vori auka i det heile tatt sidan oppstarten i 2004, og at det i alle høve burde vori gjort ei indeksregulering av beløpa som blir betalt inn.

Det kom også fram ønske om å få fram ein økonomiplan for fleire år framover. Denne må innehalde ei årleg justering av medlemskontingenten

Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:

”AU godkjenner det reviderte budsjettet for 2010.

AU legg fram ei sak for Rådsmøtet med forslag om å auke medlemskontingenten med 50 % frå og med 2011. Kontingenten vil da bli kr 3 pr innbyggjar i kommunar og regionråd, og kr 0,75 pr innbyggjar i fylkeskommunane.

Budsjettet for 2011 blir justert ut frå dette. Inntektssida på det framlagte budsjettet for 2011 blir justert for ein kontingentauke, medan utgiftssida må vurderast ut frå at det ikkje er gjort nokon kostnadsregulering med grunnlag i forventa løns-/prisauke.

Til Rådsmøtet i 2011 skal det leggest fram ein fleirårig økonomiplan.”

05/2010 Årskonferansen

Programmet for Årskonferansen vart gått gjennom. Temaet er ”Busetting i fjellregionane”. Det kom spørsmål om det ikkje burde vori meir lokalt stoff frå Buskerud. Forklaringa på at dessverre ikkje vart heilt slik, var at dei to frå NIBR som har laga undersøkinga om ungdom frå turiststader, med spesielt fokus på Geilo og Hemsedal, ikkje ville/kunne stille opp.

Utmarkskommunenes Sammenslutning har sitt landsmøte 15.-16. april i Stjørdal. Dette er ein beklageleg ”nesten-kollisjon”, da målgruppa for deltakarane er nokså lik. Det vart tatt opp til diskusjon kvifor det verkar som om USS blir prioritert framfor FRS, og det vart konkludert med at det er nok fordi USS er meir innarbeidd.

For å stimulere til at folk både kan delta på FRS sin konferanse/rådsmøte og USS sitt landsmøte skal sekretariatet undersøke om det går ekspressbuss frå Geilo til Gardermoen, og finna ut andre moglege reisemåtar for å kunna kombinere dei to møta.

AU-medlemene vart mint på at dei må melde seg på, og stå på for å få andre til å melde seg. Frist for påmelding er 25. mars.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:

”AU tar informasjonen om Årskonferansen 2010 til orientering.”

06/2010 Rådsmøtet

Denne saka vart handsama etter sakene 7, 8 og 9, da utfallet av desse ville ha konsekvensar for sakslista for Rådsmøtet

Det var sendt ut følgjande forslag til saksliste

1. *Godkjenning av innkalling og saksliste*
2. *Valg av møteleder og sekretær*
3. *Årsmelding 2009*
4. *Regnskap2009*
5. *Budsjett 2010 og 2011*
6. *Valg av leder og nestleder for Fjellregionsamarbeidet*
7. *European Mountain Convention, 15–17.september 2010, Lillehammer*
8. *Styremedlem i Euromontana*
9. *Endringer i retningslinjene*

Det manglar i lista opptak av nye medlemmar, og AU gikk inn for at dette kan vera den fyrste saka slik at dei nye medlemane kan få tale- og stemmerett på rådsmøtet. Saka om styremedlemar i Euromontana går ut som eiga sak, men blir omfatta av saka om revisjon av retningslinene. AU ønskte også ei open sak med innkomne saker og uttaler. Det var også ønske om å setta av tid til å diskutere eit innspel til ny landbruksmelding.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:

”AU godkjenner følgjande saksliste for Rådsmøtet 2010:

1. *Opptak av nye medlemmar: Hjartdal og Krødsherad kommunar*
2. *Godkjenning av innkalling og saksliste*
3. *Val av møteleiar og sekretær*
4. *Årsmelding 2009*
5. *Rekneskap 2009*
6. *Kontingent og budsjett 2011*
7. *Endringar i retningslinene*
8. *European Mountain Convention, 15–17. september 2010, Lillehammer*
9. *Innspel til uttale frå Fjellregionsamarbeidet til ny Landbruksmelding*
10. *Innkomne saker og uttaler*
11. *Val av leiar og nestleiar for Fjellregionsamarbeidet*”

07/2010

Revisjon av retningslinene

Sekretariatet hadde lagt fram ei oversikt over retningslinene med kommentarar til dei einskilde paragrafene og nokre konkrete endringsforslag, og eit forslag til framdriftsplan. AU var samde i at saka bør leggest fram for Rådsmøtet til drøfting, og at det blir utarbeidd forslag som går på ein høyringsrunde før endeleg vedtak i Rådsmøtet 2011. AU ba om at det i saksframlegget for Rådet blir lagt vekt på dei overordna tinga som bør diskuteras.

I høve til problemstillingane rundt val av norske styremedlemar til Euromontana er det gjort ei henvending til Euromontana om dette. Retningslinene deira er ikkje klare i dette spørsmålet, sjølv om det er mange land som har fleire medlemmar, slik som Noreg. Det er også slik at to andre overbyggande organisasjonar i Noreg vurderer å bli medlemmar i Euromontana. Dette kan gjøra det vanskeleg at Fjellregionsamarbeidet skal vera det koordinerande organet i høve til val av norske styremedlemar. Dette spørsmålet må difor avklarast meir med Euromontana før det kan avgjörast, og det takast difor inn i den generelle revideringa av retningslinene.

Arbeidsutvalet har tidlegare meint at opptak av nye medlemmar bør skje i AU, og ikkje i Rådsmøtet. AU bed difor Rådet om ei fullmakt til å ta opp nye medlemmar inntil retningslinene er reviderte og godkjente.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:

”Arbeidsutvalet tilrår at Rådsmøtet gjør følgjande vedtak:

Med bakgrunn i diskusjonen i Rådsmøtet går hovudsekretariatet gjennom retningslinene for Fjellregionsamarbeidet og utarbeider eit forslag til reviderte retningsliner. Arbeidet må kvalitetssikrast av ein jurist.

Dette forslaget blir handsama av Arbeidsutvalet og sendt på høyring. Etter at høyringsuttalene er handsama og konkrete forslag er innarbeidde blir revidert forslag sendt ut til medlemne for politisk handsaming.

Endeleg handsaming av retningslinene skjer i Rådsmøtet 2011.

Rådsmøtet gjev Arbeidsutvalet fullmakt til å ta opp nye medlemar fram til dei reviderte retningslinene er handsama.”

08/2010 Innspel frå Fjellregionsamarbeidet til arbeidet med ny Landbruksmelding

Landbruks- og matdepartementet har sett i gang eit arbeid med å laga ei ny stortingsmelding om landbruket. Denne skal omfatte både jord-, skogbruk og mat. Meldinga vil leggja grunnlaget for landbrukspolitikken i det neste tiåret, og vil difor vera særst viktig for landbruket i fjellbygdene. Fristen for å gi innspel til meldingsarbeidet er sett til 1. juni.

Arbeidsutvalet meiner at Fjellregionsamarbeidet bør komma med eit innspel innan fristen. Dette må omfatte dei spesifikt fjellretta sakene. Det kjem til å bli utarbeidd mange innspel hos medlemne i tida framover. Desse må sendast over til sekretariatet innan 30. april. Sekretariatet utarbeider på grunnlag av desse og kontakt med AU-medlemne eit forslag til innspel, som blir handsama på AU-møtet 28. mai.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:

”Sekretariatet utarbeider eit forslag til innspel til den nye stortingsmeldinga om landbruket til neste AU-møte. Medlemne sender over sine innspel og anna grunnlagsmateriale til sekretariatet innan 30. april så dette kan brukast som grunnlag.”

09/2010 Val av leiar og nestleiar i Arbeidsutvalet

Funksjonstida for leiar og nestleiar er 2 år, medan Rådet og Arbeidsutvalet er valde for fire år. Det må såleis skje eit val av leiar og nestleiar på dette Rådsmøtet. Retningslinene føreset at desse blir valde blant Arbeidsutvalet sine medlemar.

Det var lagt fram forslag om å opprette ein valkomite, da retningslinene ikkje seier noko om korleis dette spørsmålet skal løysast. AU var delt på om dette var naudsynt eller ei, men var samde om at dette må klargjørast under revisjonen av retningslinene.

Arbeidsutvalet gjorde følgjande vedtak:

”Arbeidsutvalet ser ikkje at det er behov for ein valkomite til Rådsmøtet 2010. AU bed om at dette spørsmålet blir sett i samanheng med saka om revisjon av retningslinene på Rådsmøtet.”

10/2010

Visuell profil

Arbeidsutvalet vart orientert om at Fjellregionsamarbeidet ikkje tidlegare har gjort noko endeleg vedtak om bruk av logo, og at vi har fått melding frå Sogn og Fjordane om at dei ikkje ønskjer at FRS skal bruke den grønne logoen med bølger/menneske, da denne er lik element frå deira grafiske profil.

Euromontana ba i desember om å få oversendt logoen til FRS. Det var da det vart funni ut at vi hadde mange forskjellige symbol, men ingen eigentleg logo. Saka vart diskutert i administrativt arbeidsutval, som var samde om at hovudsekretariatet skulle laga ein mellombels logo til bruk under marknadsføringa av EMC. Denne logoen var lagt fram for AU, men dei ønskte ikkje at denne skulle brukast. Etter lang diskusjon om denne skulle endrast noko, men kunne brukast, eller om det skulle satsast på å laga ein ny, vart det semje om den siste løysinga.

Det vart orientert om heimesida til FRS. Sekretæranne kan gjøra ein god del sjølv, men noko av driftinga må framleis gjørast av Godt Sagt Kommunikasjon til ein timepris av kr 950. Det må difor diskuterast om vi framleis skal ha denne løysinga, eller om vi skal opprette ei ny heimeside som sekretariatet kan drifte fullt ut sjølv. Dette vil koste ein del. Det vart ikkje konkludert noko i høve til dette.

I samband med EMC må FRS ha ein del nytt materiale, både brosjyrar, eit banner og roll ups. AU meinte at ein måtte ha klar ein ny logo før dette vart laga.

Orienterings- og referatsaker.

01/2010

EMC 2010

Det vart ikkje tid til å orientere om European Mountain Convention, men det kjem til å bli ei grundig orientering på Rådsmøtet 14. april.